

VINJE VENSTRE

KOMMUNEVALPROGRAM

2007—2011



Vinje Venstre vil arbeide for å skape eit positivt og utviklingsretta arbeidsmiljø i kommunestyret. Vi skal vere rause med andre sine gode idéar!

Venstre vil ha liv og utvikling i alle grendene. Suksess på ein stad er godt for heile kommunen.

Økonomiske midlar og dei tilsette i kommunen er dei viktigaste ressursane kommunestyret er herre over. Venstre vil i perioden gå inn for å bruke pengar og personalressursar til *også* å fremje tiltak som ikkje er lovpålagt:

- Satsing på infrastruktur (veg, trygg skuleveg, breiband)
- Satsing på landbruk (verdiskaping og landskapspleie)
- Utvida og meir strategisk bruk av friviljug sektor

Venstre vil utnytte økonomiske og kvalitative fordelar med interkommunalt samarbeid. Dette vil gje uttelling for kommunen og ta vekk argument for samanslåing.

Venstre vil ha ein sterk administrasjon og sterke einingar. Gode leiarar er avgjerande for kvalitet. Vi vil arbeide for eit klarare skilje mellom administrativt og politisk arbeid og ansvar enn det har vore tradisjon for i Vinje.

Miljøutfordringane stiller krav også til kommunane. Venstre går inn for samarbeid om felles miljøvernstrategi i Vest-Telemark.



Kultur.

- Vinje kommune må også i framtida ha kultur som satsingsområde. Kulturkompetansen både i administrasjonen, i private bedrifter og i fellestiltak innan kulturområdet må vektleggjast.
- Vi vil legge til rette for å styrke rekruttering av kunstnarar og kunsthandverkarar t.d.gjennom stipendordningar.
- Kulturskulen må styrkast og andre kunstuttrykk finne sin plass saman med musikk.
- Venstre ynskjer å styrke det friviljuge arbeidet i alle delar av kommunen gjennom strategisk samarbeid med lag og organisasjonar innafor fleire område (idrett, kultur, næring, andre).

Skule og oppvekst.

- Venstre vil prioritere skulane og sikre nok ressursar til at dei kan gje undervisning tilpassa den einskilde sine føresetnader, slik lova krev.
- Venstre går inn for å halde på nåverande skulestruktur i komande periode.
- Kommunen må ta eit ansvar for at eigen organisasjon tilbyr lærlingeplassar og stimulere næringslivet til det same.
- Sikre og gode leikemiljø, ballplassar og badeplassar er viktig for barn og ungdom. Dette må sikrast i alle delar av kommunen.

Helse og omsorg.

- Ei stor og viktig kommunal oppgåve er å sikre god helseteneste og omsorg for alle i bygda. Venstre er opne for nytenking og alternative løysingar med omsyn til organisering av desse tenestene. Brukarane sine behov skal stå i sentrum.
- Legetenestene i Åmot, Edland og Rauland må oppretthaldast.
- Venstre vil stø opp om lokalsjukehusa som ein viktig del av akuttberedskapen.

Miljø.

- Miljøutfordringane stiller krav også til kommunane. Venstre går inn for samarbeid om felles miljøvernstrategi i Vest-Telemark.
- Venstre vil vere positiv til miljøvennleg utbygging av småkraftverk.
- Venstre ser det som eit problem at vi subsidierer energisløsing i delar av fritidsmarknaden. Dette vil vi arbeide for å endre på.

Infrastruktur.

- Venstre vil støt gode initiativ for å ruste opp og bygge ut E134. Denne vegen er også ein viktig ”kommunal” veg. Vegen bør gå omlag i nåverande trasé, men må leggest på vestsida av Vinjevatn.
- I samarbeid med andre må kommunen vere meir aktiv i å få pengar til vegprosjekt og vedlikehald av vegane i kommunen. Vi må vurdere å bruke komunale midlar tii delfinansiering av slike tiltak. Det same gjeld bruk av kommunale midlar til trafikktryggleik, spesielt gang-/sykkelvegar dei mest utsette plassane.
- Kommunen må sikre utbygging av breiband, om nødvendig med bruk av kommunale pengar.
- Haukelibanen er den framtidige ”Ekspressvegen” mellom Bergen og Oslo, som utløyser nye muligheter for arbeid og næringsliv. Kommunen må halde fram med aktiv innsats for Haukelibanen.

Grendene og kommunesenteret.

- Venstre ynskjer å utvikle levande grender der folk høyrer til, virkar og trivs. Heile kommunen må brukast.
- Eit kommunesenter treng rom og gode rammevilkår for å utvikle seg. Betre fysisk tilrettelegging og kommunikasjonsløyising må planleggjast for heile sentrum, slik at det blir plass både til eit breiare vare- og tenestetilbod og eit godt bumiljø.
- Estetikkk skal vere ein berande element i utvikling av tettstadene i kommunen.

Næringsliv—jordbruk.

- Venstre vil ha jordbruk som eit satsingsområde komande periode. Jordbruket treng drahjelp og vi treng fleire beitedyr for å halde eit ope landskap både for eigen trivsel og for tilreisande. Lokalt må vi fagleg og økonomisk støt opp om tiltak som direkte eller indirekte fremjar dette føremålet.
- I dei største grendene i kommunen må det finnast næringsareal (tomter) for dei som vil etablere næringsverksemd.

Ordførarspørsmålet.

- Venstre meiner at vi i dag har ein ordførar vi er godt tent med.
- Ved val av ordførar for perioden 2007 - 2011 vil vi derfor arbeide for å få fleirtal for attval av nåverande ordførar.

Idégrunnlaget til Venstre

Venstre er *det liberale partiet, ubunde av sosiale klasser og særinteresser.*

Målet for liberalismen er å skape eit samfunn med frie menneske. Fridommen heng nøye saman med ansvar som den einskilde har både for seg sjølv og for samfunnet. Dei som av ulike grunnar ikkje kan ta vare på seg sjølv, må få den hjelp dei treng til å leve eit verdig liv.

Venstre vil at alle som bur i Vinje, skal kjenne at dei høyrer til eit fellesskap, der dei saman med andre kan finne og forme sin eigen veg til et godt liv. Vinje skal ha levande bygdesamfunn som er opne for mangfald og med rom for personleg fri-dom.

Det liberale samfunnet er alltid undervegs og opent for stadig betre løysingar. Venstre har sterk tillit til at frie menneske som får høve til å bruke evnene og skaparkreftene sine, gir det beste grunnlaget for å utvikle Vinje til å bli ei enda betre bygd å bu i - for alle.

Vinje Venstre si liste

- 1. Børge Skårdal**
2. Oscar J. Garnes
3. Hallbjørg Strøm
4. Jon Tvitekkja
5. Heidi Hegg
6. Svein Orheim
7. Knut Tore Bratland
8. Harald Naper
9. Bjørn Hustveit
10. Terje Rømo

www.venstre.no/telemark/vinje